

## Notat

**Til:** Fylkesutvalet, møte 23. januar 2019

**Frå:** Fylkesrådmannen

### Konstituering av Vestland fylkesting og funksjonsperioden for fellesnemnda og Sogn og Fjordane fylkesting

Vestland fylkesting skal konstituerast innan utgangen av oktober månad i år, jf. inndelingslova § 27 første ledd. I det konstituerande møtet skal fylkestinget på vanleg måte føreta ei rekkje val, m.a. av fylkesutval.

Når Vestland fylkesting er konstituert, går funksjonsperioden for fellesnemnda ut, jf. inndelingslova § 26 siste ledd. Det er såleis det nyvalte fylkesutvalet som skal gje innstilling til (nytt) fylkestinget til økonomiplan og årsbudsjett på grunnlag av det førebuande arbeidet som vert gjort i fellesnemnda i 2019.

Fylkestinget i Vestland fylkeskommune skal gjere endeleg vedtak om økonomiplan for 2020 – 2023 og årsbudsjett for 2020 på eit møte som truleg vert halde i desember 2019 og i alle høve før årsskiftet 2019/2020.

Funksjonsperioden for Sogn og Fjordane fylkesting varer til 01.01.20, jf. inndelingslova § 27 andre ledd. Etter at Vestland fylkesting er konstituert, er ansvaret og fullmaktene til Sogn og Fjordane fylkesting, og dei underliggjande organa, avgrensa til det som er naudsynt for å avslutte verksemda i Sogn og Fjordane fylkeskommune, jf. § 27 andre ledd, siste setning.

I møteplanen for 2019 er det som vanleg lagt opp til to møte i Sogn og Fjordane fylkesting i haust, høvesvis 8. oktober og 3. og 4. desember. Det førstnemnde møtet vert truleg halde før Vestland fylkesting er konstituert, medan det sistnemnde vert halde etter konstitueringa av det nye fylkestinget. Sidan Sogn og Fjordane fylkesting ikkje skal gjere vedtak om økonomiplan og årsbudsjett for 2020, går fylkesrådmannen ut frå at fylkesutvalet vurderer om det er tilstrekkeleg med ein møtedag for å avvikle tingsetet i desember 2019.

**Dette til fylkesutvalet si orientering.**